



STORD  
KOMMUNE



**Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga**  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 02.10.2014  
Vår ref: 2014/2167 - 22953/2014 / 121  
Dykkar ref:

## **Uttale til Regional plan for attraktive senter i Hordaland**

Vedlagt følgjer Stord kommune sin uttale

Med helsing

Ove Kvalnes  
fagansvarleg Plan

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift*

Saksnr  
47/14

Utval  
Formannskapet

Møtedato  
01.10.2014

## **UTTALE TIL REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet sluttar seg til rådmannen sine vurderingar og meiner planforslaget vil gje kommunen god hjelp og eit godt verktøy i arbeidet med å oppretthalda og utvikla gode, attraktive og robuste senter.

Når det gjeld regionsenterspørsmålet, kan ikkje formannskapet sjå at konsekvensane for Leirvik som regionsenter som følgje av Husnes som nytt regionsenter er godt nok utgreidd. Det er m.a. uklart i kva grad dette vil medføra ei oppbygging av regionsenterfunksjonar på Husnes som alt i dag er på Stord, og kva konsekvensar dette i så fall vil få for desse regionsenterfunksjonane. Formannskapet meiner det er grunn til å stilla spørsmål ved kva følgjer dette vil ha på sikt for fylkeskommunen sine prioriteringar og løyingar når det gjeld regionsenterfunksjonane.

Regional plan for attraktive senter har viktig funksjon i å fastsetja regionale hovudsenter og leggja rammer for arbeidsdelinga mellom fylkessenter, regionsenter og komunesenter. Formannskapet legg til grunn at planen stadfestar Stord og Leirvik sin funksjon som regionsenter for Sunnhordlandsregionen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 01.10.2014

### **Vedtak**

Formannskapet sluttar seg til rådmannen sine vurderingar og meiner planforslaget vil gje kommunen god hjelp og eit godt verktøy i arbeidet med å oppretthalda og utvikla gode, attraktive og robuste senter.

Når det gjeld regionsenterspørsmålet, kan ikkje formannskapet sjå at konsekvensane for Leirvik som regionsenter som følgje av Husnes som nytt regionsenter er godt nok utgreidd. Det er m.a. uklart i kva grad dette vil medføra ei oppbygging av regionsenterfunksjonar på Husnes som alt i dag er på Stord, og kva konsekvensar dette i så fall vil få for desse regionsenterfunksjonane. Formannskapet meiner det er grunn til å stilla spørsmål ved kva følgjer dette vil ha på sikt for fylkeskommunen sine prioriteringar og løyingar når det gjeld regionsenterfunksjonane.

Regional plan for attraktive senter har viktig funksjon i å fastsetja regionale hovudsenter og leggja rammer for arbeidsdelinga mellom fylkessenter, regionsenter og komunesenter. Formannskapet legg til grunn at planen stadfestar Stord og Leirvik sin funksjon som regionsenter for Sunnhordlandsregionen.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke



### **Dokumentliste**

S	14.08.2014	Uttale til Regional plan for attraktive senter i Hordaland
I	28.05.2014	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga
U	17.06.2014	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga
I	01.07.2014	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga

Regional plan for attraktive senter i Hordaland - Høyring. Frist 22.08.2014  
Regional plan for attraktive senter i Hordaland - Høyring. Frist 22.08.2014  
Regional plan for attraktive senter i Hordaland - Høyring. Frist 22.08.2014  
Vedr. utsett høyringsfrist "Regional plan for attraktive senter"

### **Vedlegg**

Regional plan for attraktive senter i Hordaland - Høyring. Frist 22.08.2014  
2014-05-27- Regional plan for attraktive senter i Hordaland -  
HØYRINGSFORSLAG

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

Hordaland fylkeskommune har ved brev av 27.05.2014 sendt forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* på høyring. Høyringsfristen var sett til 22.08.2014 men er seinare forlenga til 01.10.2014.

Planen skal erstatta gjeldande *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel* frå 2002 og planen sine forslag til nye regionale føresegner for handel og kjøpesenter skal erstatta *Forskrift om rikspolitiske bestemmelser for kjøpesenter* frå 2008.

Som del av planprosessen har fylkeskommunen arrangert opne heildagsmøte/ temamøte om *Handel og kjøpesenter*, om *Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod* og om *Senterstruktur*. I tillegg har alle kommunane med regionsenter etter gjeldande fylkesdelplan og representantar for regionråda delteke på møte for å formidla erfaringar med eksisterande regionsenter.

Planen har eit tidsperspektiv på 12 år, men det vert lagt opp til at behovet for planrevisjon skal vurderast kvart 4. år i regional planstrategi.

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Planen er delt opp i fem kapittel/plantema med planskildring, føresegner og retningsliner og handlingsprogram for kvart tema.

*Kap.1 omhandlar hovudmål, strategiar og senterstruktur.*

*Hovudmålet* i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport, og leggja til rette for vekst i heile fylket. Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vera, bu og driva næring i, skal ha eit mangfold av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen, skal vera attraktive for handel med hendelsverksem dimensjonert etter nivå i senterstrukturen og skal vera tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum.

*Strategiane* for å nå måla er å styrka arealplanlegginga i sentrumsområda m.a. gjennom at felles arealpolitiske retningsliner og føresegner vert lagt til grunn for kommunane sine kommuneplanar og reguleringsplanar. Vidare er ein prioritert strategi å få betre samordning og felles retningsliner for samfunnsplanlegging og offentleg forvaltning. Det er peika på at samfunnet i stor grad er sektorisert og at ressursbruken kan vera lite koordinert. Prioriterte strategiar er elles auka kunnskap og formidling av kunnskap om viktige faktorar som påverkar utviklinga, og økonomiske verkemiddel. Når det gjeld strategien økonomiske verkemiddel er regionale utviklingsmidlar til

tettstadutvikling og midlar til utbygging av infrastruktur for kollektivtransport trekt fram som døme på det.

Senterstrukturen i Hordaland tek utgangspunkt i at Bergen som fylkessenter ligg fast og at kommunane sjølv definerer kommunesentra og dei lokale sentra i kommunen. Den regionale planen skal fastsetja dei regionale hovudsentrer – kalla regionsenter – og leggja rammer for arbeidsdeling mellom fylkessenter, regionsenter og kommunesenter. Forslaget til senterstruktur vidarefører eksisterande regionsenter og legg til grunn at regionsentra skal vera så robuste at dei vil fungera også om kommunegrensene vert endra. Som kriterier for regionsenter er det lagt til grunn at eksisterande regionsenter ligg fast, at befolkninga skal kunna nå dei fleste funksjonar og tenester innan ein rimeleg reiseavstand (ein times køyretid), at regionsentra skal ha eit omland på minimum 10.000 innbyggjarar og at nye regionsenter rundt Bergen må ha eit omland på minimum 25.000 innbyggjarar. Ein viktig endring i høve til tidlegare plan er at det ikkje lenger er lagt til grunn at eit regionsenter må vera senter for fleire kommunar, men at ein kommune kan ha eit regionsenter dersom folketalet tilseier det. Med grunnlag i dette foreslår planen at Kleppstø (Askøy) og Husnes (Kvinnherad) vert lagt til som nye regionsenter. Husnes vert lagt til som nytt regionsenter fordi avstanden til nærmeste regionsenter er stor, kommunen har eit folketal på over 10.000 og har alt i dag ei rekke regionale funksjonar. Det vert slått fast at det nye regionsenteret ikkje vil endra Leirvik sin status som regionsenter.

Retningslinene i dette kapittelet slår fast at den definerte senterstrukturen med Kleppstø og Husnes som nye regionsenter skal leggjast til grunn for planlegging og forvaltning i fylket.

Handlingsprogrammet i kapittelet seier at fylkeskommunen i 2017 skal ha ansvar for å laga ein analyse av samspelet mellom regionsenter og omland – status og mogeleg framtidig i høve bruk og tilknyting.

## Kap.2 omhandlar attraktive sentrumsområde.

Det overordna målet under dette kapittelet/temaet er at sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vera, bu og driva næring i.

Vidare er delmåla at sentrum skal ha god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader, skal vera tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne, at sentrumsutvikling skal byggja på staden sin historie, særpreg og landskapstrekk, at sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar, og ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysisk aktivitet.

Kapittelet peikar på at sentrumsområdet er det arealet senterfunksjonane er lokalisert innanfor og seier at føresethanden for at eit senter skal fungera optimalt er at flest mogeleg tilbod og funksjonar er lokalisert innanfor gangbar kjerne. Kapittelet slår fast at ikkje alle sentera i Hordaland har eit klart definert sentrum. Det vert vist til at akseptabel gåavstand ofte vert rekna som 1 km og sykkelavstand som 5 km. Det vert likevel peika på at i praksis må sentrumsområdet avgrensa i høve til lokale tilhøve som dagens situasjon, det historiske senteret, terrenget, transportknutepunkt og utviklingsbehov og at utstrekning av eit senter er eit kompromiss mellom gangavstand og krav til areal for ulike funksjonar. Det vert lagt til grunn at sentrumsutstrekninga skal fastsetjast i kommuneplan eller i reguleringsplan for senteret, og at inntil kommunen har fastsett sentrumsutstrekning så bør planlegging ta utgangspunkt i at sentrum følgjer norma for kjerneutstrekning slik dei er sett i retningslinene til den regionale planen.

Kapittelet har ei drøfting av kor viktig det er med funksjonsmangfald og heildøgnsaktivitet, bustader og kvalitet i bustadområde i sentrum, staden sin struktur og form, møteplassar, trivsel og tryggleik, parkar og nærmiljøanlegg, klimavenleg utbygging, medverknad i sentrumsplanlegging og privat og offentleg samarbeid.

Til slutt i kapittelet er det forslag til retningsliner for planprosess og arealbruk for arealplanar i sentrumsområde. Forslaget til retningsliner seier m.a. at det bør gjennomførast stadanalyse/moglegheitsstudie som grunnlag for planlegging, at det bør sikrast brei medverknad i planlegginga, at sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller reguleringsplan, at inntil kommunen har fastsett sentrumsutstrekning så bør regionsenter ha inntil 800 m utstrekning frå ytterkant til ytterkant, at tilbod bør vera konsentrert og tilgjengeleg i gangavstand og at sentrumsområde skal regulerast heilskapleg gjennom områdeplan i offentleg regi.

Vidare seier forslaget til retningsliner at inntil kommunen har regulert sentrumsområdet gjennom områdeplan skal det leggjast til grunn at sentrum skal ha funksjonsdeling med høg bustadandel og vera ein stad for lokalisering av offentleg/ privat tenesteyting, forretning, kontor, hotell og beverting, ha områdetilpassa kvartalsstruktur med kvartalslengde maksimalt 70 m, ha tett utbygging med ein utnyttingsgrad på minimum 200% BRA (bruksareal), at bygningar skal ha aktive, opne fasadar i første etasje mot handlegate og sentrale byrom, ha universelt utforma offentlege park og leikeareal, sentrale gater, plassar og torg og kai/ strandline/ friluftsområde der det er aktuelt, at bustader som hovudprinsipp ikkje bør lokaliserast over 5. etasje og at sentrumsområda skal ha berekraftig energiforsyning og handtering av vatn, avløp og avfall.

Handlingsprogrammet seier at i 2015 skal kommunane med støtte frå fylkeskommunen fastsetja føremålsteneleg sentrumsutstrekning, at i 2015 skal fylkeskommunen ha ansvar for å samla og formidla informasjon om ulike modellar for samarbeid og partnarskap mellom offentlege og private aktørar i sentrumsutvikling, at i 2018 skal fylkeskommunen ha ansvar for at det vert gjort ein analyse av sentrumskvalitet i regionsentra, at eksisterande tiltak om rettleiing i konkrete plan- og utviklingsprosjekt i senterområde og om økonomisk støtte til sentrumsutvikling vert vidareført.

### *Kap.3 omhandlar kva tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod som bør leggjast til sentera i fylket.*

Kapittelet/ temaet har som overordna mål at sentera skal ha eit mangfold av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtildel tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen, og som delmål at i sentera skal det leggjast til rette for publikumsretta og besøksintensive offentlege og private tenester, arbeidsplassintensive verksemder og opne arenaer for fritids- og kulturaktivitetar.

Det vert peika på at lett tilgjenge til offentlege og private tenester er vesentleg for befolkninga sin trivsel og livskvalitet. Det vert vidare peika på at funksjonar og tenester kan gjerast tilgjengelege i distriktet gjennom ambulering og bruk av digital teknologi og at utfordringa er å finna den rette balansen i tenestetilboden med omsyn til rasjonell drift, kvalitet, reisetid for brukarar, miljø og lokal samfunnsutvikling.

Det vert peika på at både staten, fylkeskommunen og kommunane kan bidra til berekraftig arealbruk gjennom medviten lokalisering av eigne funksjonar. Kapittelet inneheld ei omtale av aktuelle kommunale, fylkeskommunale og statlege tenester. Det vert slått fast at privat tenesteyting og at samspelet mellom private og offentlege tenester er viktig for å få attraktive senter. Det er vidare peika på utfordringar knytt til rekruttering av fagfolk, å skapa gode nok familjø, trong for kompetansearbeidsplassar for framtida. Det vert vist til at Regional næringsplan 2013 – 2017 peikar på mangel på arbeidskraft med relevant kompetanse som største hinderet for at veksten skal halda fram. Ei balansert regional utvikling er difor trekt fram som viktig for å skapa stader som er attraktive både for kompetanseverksemndene og som bustad for høgt utdanna arbeidstakrar. Det vert peika på at arbeidsplassetablering utanfor fylkessenteret Bergen kan verta meir aktuelt om ein satsar på robuste regionsenter med god tilrettelegging for kontorarbeidsplassar, tenleg infrastruktur og briandekapasitet, rom for ekspansjon og attraktive bu- og lokalmiljø med mange tilbod. Det står at om ein ønskjer å arbeida for fleire statlege kompetansearbeidsplassar til Hordaland kan sterke regionsenter vera gode alternativ for lokalisering.

Forslaget til retningsliner seier at nyetablering av statlege, fylkeskommunale og kommunale tenester som er besøksintensive skal plasserast i eller nær sentrum av senter definert i regional plan eller kommuneplan, at statlege og fylkeskommunale tenester i størst mogeleg grad bør organisera i samsvar med fylkesgrenser, omland for regionale senter og kommunegrenser, at fylkessenter, regionsenter og bydelssenter skal leggja til rette for større arbeidsplassintensive verksemder og større spesialiserte kompetanseverksemder, at sentera skal vera tilrettelagt for nyetablering og vekst i nye næringar og at sentera skal ha god digital infrastruktur.

I handlingsprogrammet under dette temaet er det i 2016 foreslått å etablera møteplass/ samrådsfora mellom stat, fylkeskommune og kommunar kor verksemndsplanar for organisering/ lokalisering av det offentlege tenestetilboden kan drøftast og samordnast og i 2017 å samla og formidla informasjon om modellar for korleis ein kan få samlokalisering mellom stat, fylkeskommune og kommune når det gjeld helsetenester.

*Kap.4 Handel og kjøpesenter*, omhandlar lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod. Forslaget til regionale føresegner i dette kapittelet skal erstatta Forskrift om rikspolitiske bestemmelser for kjøpesenter frå 2008.

Det overordna målet er at sentera skal vera attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivået i senterstrukturen.

Delmåla er at dekningsgrad for detaljvarehandel skal balanserast mot folketal i handelsomlandet definert av kommunen, at ny detaljvarehandel i hovudsak skal lokaliserast i senter og innanfor sentrumsområdet og at daglegvarehandel skal lokaliserast i senter eller nær bustadområde.

Planskildringa slår fast at handelsnæringa utgjer ei vesentleg næringssgrein både i form av omsetjing og sysselsetjing, at summen av direkte og indirekte verdiskaping betyr mykje for både sentrum og periferi i Hordaland og at eit tilfredsstillande handelstilbod er ein sentral del i det å skapa robuste og attraktive senter for befolkninga i alle deler av fylket. Det vert vidare peika på at det er naturleg at regionsentera og fylkessenteret har ei overdekning av handel sidan dei tilbyr varer ein ikkje kan finna på alle mindre stader. Stord er ein av seks kommunar i Hordaland som har ei handelsdekning på meir enn 100%.

Det vert vidare peika på at i forhold til nasjonale og regionale miljø- og klimamål er særleg transportarbeid i samband med handel ei utfordring og at lokalisering av handel i senter med knutepunkt for kollektivtrafikk og ved å samla detaljhandelstilbod i sentrum der det er lagt til rette for å kunna bevega seg mellom butikkane til fots vil fremja eit berekraftig reisemønster og styrka tilgjenge for heile befolkninga. Det vert m.a. peika på med ein veksande generasjon av eldre er det grunn til å tru at talet på dei utan bil vert aukande.

Det vert vidare peika på utfordingane knytt til omstruktureringane innan handelsnæringa med kjededanning, storbutikk-konsept, nyetableringar utanfor sentrumsområda, kjøpesenter og e-handel og at slike faktorar som endrar handlevanar og transportmåtar har bidrige til ei utvikling kor resultatet kan vera redusert aktivitet, tome lokale og forfall i sentrum. Det vert peika på at å snu ei slik utvikling gjerne krev at det offentlege tek ei aktiv rolle i tett samarbeid med handelsnæringa, sentrumsforeiningar og grunneigarar.

Dette kapittelet har juridisk bindande føresegner og retningsliner som skal avløysa dei rikspolitiske bestemmelsane for kjøpesenter frå 2008 som gjeld i dag. Forslaget til regionale føresegner fastset at nytt bruksareal på meir enn 3.000 m<sup>2</sup> berre kan tillatast i senter og innanfor sentrumsutstrekninga definert i den regionale planen eller i kommunal plan. Unntak frå dette er ny handelsverksemd kor den dominerande delen av vareutvalet er bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast og større byggjevarer, samt utsal frå hagesenter og større planteskular. Føreseggnene fastset vidare at det skal gjennomførast handelsanalyse ved etablering og utviding av handelsverksemd med samla bruksareal på meir enn 3.000 m<sup>2</sup>.

Retningslinene seier at behov for areal til handel skal vera tema i kommuneplanen sin arealdel, at behov for areal til daglegvarehandel skal vurderast ved regulering av nye bustadområde og retningslinene seier kva vurderingspunkt ein handelsanalyse skal innehalda.

Handlingsprogrammet under dette temaet seier at det i 2015 skal utarbeidast ein brukarvenleg mal for korleis ein handelsanalyse kan gjennomførast i tråd med retningslinene og at det i 2016 skal etablerast ein møteplass/samrådsforum mellom planforvaltning og handelsnæringa i Hordaland.

*Kap.5 Transport* tek opp korleis sentrumsplanlegging kan bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem.

Kapittelet har som overordna mål at sentera skal vera tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum og som delmål at sentrum skal ha god framkome for kollektivtransport og vera eit attraktivt bytepunkt mellom ulike transportformer, at sentrum skal vera svært godt tilrettelagt for gåande og syklande, at viktige aksar mellom målpunkt skal vera universelt utforma og at sentrum skal ha god tilgjenge for naudsynt varetransport.

I planskildringa er det peika på at transportstraumar i, til og frå byar og tettstader skapar aktivitet og legg grunnlag for eit breitt handles- og tenestetilbod og at god tilgjenge kan gje samfunnsøkonomisk vinst og kvar enkelt innbyggjar ein enklare kvardag. Samtidig er det peika på

at biltransport og kan ha negative verknader på sentrumsmiljøet i form av støy, lokal luftforureining, manglande tryggleik og dårlig framkome.

Vidare vert det peika på at Hordaland står framfor ein forventa vekst i folketal på 150.000 innbyggjarar mot 2040 med tilhøyrande kraftig trafikkvekst og at det er eit nasjonalt og regionalt miljømål at trafikkveksten som følgje av auka folketal skal takast kollektivt og gjennom sykkel og gange. Det vert peika på at for å få fleire til å gå og sykla må nettverket av gang- og sykkelvegar vera heilskapleg med klart samanhengande liner både i, til og frå sentrum og at vegarealet må vedlikehaldast slik at ein fremjar kvardagsgang og sykling heile året.

Det vert vidare peika på at tilrettelegging for gange og sykkel er arealeffektivt, eit godt miljøval og styrker folkehelsa. Nettverk for gange bør vera finmaska utan barrierar og lange omvegar, kan bestå av gangvegar, snarvegar, plassar og breie fortau og gangaksane mellom viktige målpunkt bør vera universelt utforma. Hovudtraseane for sykkel bør som hovudprinsipp vera separert frå gåande og anna trafikk eller alternativt i sentrum å følgja bilveg kor faktorar som vegutforming og fartsgrense gjer motoriserte køyretøy og sykkel til likestilte trafikantgrupper. Vidare vert det peika på at det bør vera sykkelparkering på bakkeplan ved alle viktige målpunkt og lagt til rette for langtidsparkering for sykkel ved kollektivknutepunkt, skular og arbeidsplassar.

Det vert peika på at biltrafikk i sentrum bør leiaast gjennom sentrum etter prinsipp om miljøprioritert gjennomkjøring (miljøgate), at eit funksjonelt sentrum må ha god framkome for varelevering, at bilparkering i sentrum bør prioritera brukarar og kundar av tenester og handel i sentrum, at bilparkering ikkje bør få dei finaste stadene i sentrum og med fordel kan plasserast under bakkeplan eller i randsona mot trafikkert veg, at tal på parkeringsplassar, tidsavgrensning og parkeringsavgift er viktige verktøy m.v.

Retningslinene seier at utviklinga i sentrum bør byggje på trafikkanalyse kor trafikktryggleik med særleg vekt på barn/unge/eldre, framkome for gåande og syklande, tilrettelegging for kollektivtransport og vurdering av behovet for bil- og sykkelparkering er med og at det bør vera tidleg medverknad frå kollektivtransport, taxinæringa, varetransportbransjen og representant for syklistar. Vidare seier retningslinene m.a. at vegnettet i hovudsak skal planleggjast etter vegnormalane for gate med naudsynt tilpassing til lokale tilhøve, at gjennomgangstrafikk med motorisert køyretøy skal vera underordna gåande og syklande, at trafikk bør leiaast gjennom sentrum etter prinsippet om miljøprioritert gjennomkjøring, at det skal leggjast til rette for kollektivknutepunkt, at oppstillingssareal for bussar og anlegg som ikkje rettar seg mot publikum bør lokaliseraast utanfor sentrum, at kollektivtransporten skal prioriterast, at kollektivknutepunkt i sentrum skal vera attraktive, trygge og universelt utforma, at sentrum skal ha eit attraktivt, trygt og finmaska nettverk for gåande med universelt utforma gangaksar mellom viktige målpunkt, at sentrum skal ha tydelege sykkeltrasear, at reguleringsplanar skal visa korleis ein sikrar effektiv varelevering, at bilparkering i sentrum skal prioritera brukarar og kundar av tenester og handel og talet på parkeringsplassar, tidsavgrensning og parkeringsavgift vera tilpassa servicenivået på kollektivtilbodet og at minst 20% av parkeringsplassane skal vera tilrettelagte og reserverte for ladbare bilar, at sentrumsområdet skal ha låg fartsgrense for motorisert køyretøy og god skilting til parkeringstilbod for bil og sykkel.

Handlingsprogrammet seier at i 2016 skal fylkeskommunen utarbeida sjekkliste for korleis ein sikrar at tilgjenge for alle brukarar er ivaretake i kommunal arealplanlegging i sentrum, at fylkeskommunen i 2017 skal bidra med kunnskapsformidling om utforming av gode kollektivknutepunkt i sentrum og at fylkeskommunen ifrå 2018 skal bidra med støtte til kartlegging og utarbeiding av kommunale planar for gang- og sykkelvegar i/til/frå sentrum.

## **Vurdering**

Forslaget til regional plan for attraktive senter i Hordaland med retningsliner og handlingsprogram omhandlar alle dei tema, utfordringar og problemstillingar som kvar for seg og i samspel med kvarandre er viktige premissar for å skapa og oppretthalda attraktive og robuste stader å vera, bu og driva næring i.

Planen er omfattande, grundig og detaljert og viser at det er svært mange faktorar som direkte og indirekte påverkar korleis sentera i fylket og i den enkelte kommune utviklar seg og kva utfordringar og problemstillingar ein står framfor.

Viktige endringar i høve til tidlegare plan er at Kleppestø (Askøy) og Husnes (Kvinnherad) vert nye regionsenter, at dei regionale føreseggnene for handel og kjøpesenter på visse vilkår opnar for at detaljhandel under 3.000 m<sup>2</sup> kan lokaliserast utanfor sentrum og at det ikkje er sett krav om handelsanalyse før nytt samla handelsareal går over 3.000 m<sup>2</sup>. I dag er det krav om handelsanalyse ved samla areal over 1.500 m<sup>2</sup>.

Utover dette gir planen langt fleire og meir detaljerte retningsliner under dei ulike temaa enn det eksisterande plan gjer. Det vert lagt til grunn at fylket og kommunane skal leggja retningslinene til grunn i si forvaltning og planlegging.

Å få gode, attraktive og robuste senter i kommunane vert stadig meir krevjande og utfordrande og den regionale planen slik den ligg føre vil gje kommunane god hjelp i sitt eige arbeid med kommuneplan, kommunedelplanar og reguleringsplanar og i samarbeidet med offentlege og private aktørar som er med på å utvikla sentera.

For Stord sitt vedkomande er regionsenterfunksjonen viktig og ligg som ein viktig premiss i kommunen sine eigne planar. Ein ser det som heilt naturleg at Leirvik er regionsenter for Sunnhordland og eit av regionsentera i fylket som vert vidareført.

Planen foreslår at Husnes vert nytt regionsenter hovudsakleg fordi køyretid frå bustad til noverande regionsenter Leirvik er meir enn ein time. Planen seier at Husnes som nytt regionsenter ikkje vil endra Leirvik sin status som regionsenter. Sjølv om det vert lagt til grunn at dette ikkje endrar Leirvik sin status som regionsenter, vil Leirvik som regionsenter få eit minsk område og m.a. lågare grunnlag for handelsareal. Når senter som berre har sin eigen kommune som område vert definert som regionsenter er det grunn til å stilla spørsmål ved regionsenterbegrepet. Ein konsekvens vert då at det er den enkelte kommune som vert regionen og området for dette regionsenteret. Rådmannen kan ikkje sjå at konsekvensane for kva dette inneber for Leirvik som regionsenter er godt nok utgreidd. Det er m.a. uklart i kva grad dette vil medføra ei oppbygging av regionsenterfunksjonar på Husnes som alt i dag er på Stord, og om dette i så fall vil svekka desse regionsenterfunksjonane. Rådmannen meiner det er grunn til å stilla spørsmål ved om kva følgjer dette vil ha på sikt for fylkeskommunen sine prioriteringar og løysingar når det gjeld viktige regionsenterfunksjonar.

Kommunesentera og lokalsentera i kommunane må på same måten som regionsentera utviklast til gode, attraktive og robuste senter og eit kommunesenter i ein annan kommune enn der regionsenteret ligg kan gjerne ha enkelte regionsenterfunksjonar utan nødvendigvis å vera definert som regionsenter.

Planen omfattar senterstrukturen i Hordaland, men Stord og Sunnhordland har og viktige statlege funksjonar og infrastruktur felles med Nord- Rogaland. Ein må difor og ha fokus på at områda mellom Boknafjorden og Bjørnefjorden i større og større grad må sjåast i samanheng og at ein samarbeider på tvers av fylkesgrensene og styrker grunnlaget for å oppretthalda og utvikla viktige statlege funksjonar.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår til at formannskapet sluttar seg til vurderingane og legg desse til grunn for kommunen sin uttale til planforslaget.